

## Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	38/2019	Arkiv nr.:		Møtedato:	18.12.2019
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

### Referat og meldingar..

- A. 190930 Kopi av brev frå Lom kommune til Trondplassen. Løyve til bruk av bil på vegen Sålell - Smådalen, vedtransport til Finnshalshytta hausten 2019
- B. 191003 E-post frå og svar til Olivia Skjerpingsstad. Innsyn i sak
- C. 191004 Ferdigattest naust ved Børgetjern
- D. 190925 Brev frå Vågå kommune. Stig- og løypenett i Sel, Vågå og Lom. Organisering og vidare framdrift. 191015 Kopi av brev frå Statskog til Vågå kommune vedr. stig og løypenett i Sel, Vågå, Lom.
- E. 190913 Kopi av e-post frå Jotunheimen fjellhotell til Statskog. Riving av bygg, Jotunheimen fjellhotell AS.
- F. Høring ny viltforskrift
- G. 191018 Kopi av brev frå Statskog til Ottar Nyøygard, sendt som e-post: 1810082-10 Opprettholder pålegg om riving av seterhus i Smørli – 514157197
- H. 191021 Brev frå DNT om revaring av ruter i Jotunheimen
- I. 191202 Delegert vedtak frå Jotunheimen NP og Utladalen LVO: dispensasjon motorferdsel – bruk av skuter på snødekt mark - leiting etter sakna dyr - Gravidalen - Leirdalen - Håkon Øverli. 191203 E-post frå Lom fjellstyre, svar på søknad.
- J. 191125 E-post frå Statskog. Skredredningskurs på Sognefjellet. 191126 E-post til Statskog - Skredredningskurs ved Sognefjellshytta. 191202 E-post frå Statskog -SV Skredredningskurs ved Sognefjellshytta. 191014 E-post frå forsvarrets vinterskole - Forsvarets bruk av snøskuter til Leirvassbu og på Sognefjellsveien. 191015 E-post frå Lom fjellstyre-SV Forsvarets bruk av snøskuter til Leirvassbu og på Sognefjellsveien
- K. 191025 E-post til Statskog. Oppsynsbudsjett for Lom Fjellstyre 2020
- L. 191011 Kopi av brev frå Statskog til Glitterheim-løyve til konsert
- M. 191011 Kopi av brev frå Statskog til hytteigar-fornyng av gjerde 157.1.34
- N. 191014 E-post frå Lom kommune- Møte i NGGIS regional faggruppe utmark - Referat - møte i regional faggruppe utmark 07-05-2019. 191206 Referat frå møte i regional utmarksgruppe 14.11.2019
- O. 191125 Val av Lom fjellstyre - 2019-2023
- P. 191115 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Medlemmer til rådgevinge utval 2020-2023
- Q. 191206 E-post frå FiO - Kurs for nyvalde fjellstyre
- R. 191115 Invitasjon frå NFS til fagsamling januar 2020
- S. 191206 Frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen –Søknad om arrangement - Jotunheimløpet 2020 – frå Jotunheimen Hundekjørerlag
- T. 191022 Kopi av brev frå Statskog til Jotunheimen fjellstue -Vedr. søknad om masseuttak i Leirdalen Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- U. 191022 Kopi av brev til Statskog. Melding om mangelfullt gjerde
- V. 191016 E-post frå Atle Kjærvik – om utbetaling av løyvd tilskot til fugletårn ved Tesse
- W. 191028 Kvittering på innsendt søknad om spelemidlar til naust ved Børja. 91114 E-post frå DNT- Spelemiddelsøknad naust, reduksjon av omsøkt beløp til 1/3 del av totalkostnad.

## **Møtebok – Lom fjellstyre**

X. 190928 Fagleg rådgjevande utval - referat frå møte - Hindsæter 12.-13. september 2019

TILLEGG:

Y. Bøvertjønningen Hytteforening Årsmøteprotokoll 28.09.19

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	39/2019	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	18.12. 2019
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Justering av prisane på elg- og hjortejakta.

Sakspapir:

- Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.
- Fjellstyresak nr. 07/2016.

### Saksutgreiing:

Prisane på elg- og hjortejakt har vore uendra sidan 2016 og det bør vurderast ei justering før neste sesong. . Dei eksisterande prisane på elg- og hjortejakt har vore som fylgjer:

	Grunnpris	Pris/kg
Elg	kr.3.000	73,00
Hjort	kr.2.000	73,00

For elg har det vidare vore halv pris på såkalla ”skrapdyr”, dvs. kalvar under 50 kg og ungdyr under 100 kg.

Fastsetjing av prisane på elg-, hjort- og rådyrjakt i statsallmenning er regulert i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning, sist endra i 2016. For elg og hjort gjeld fylgjande alternative måtar å by ut jakta på, jf. §8 i forskrifta:

- Fast pris pr. kg kjøtt for felt dyr. Fjellstyret kan bestemme at det skal betales en fast grunnavgift for hvert enkelt dyr som tildeles. Innbetalt grunnavgift trekkes fra i det endelige oppgjør for felte dyr.*
- I særlige tilfeller kan jaktretten leies ut til fast pris pr. dyr.*
- Jaktkort til fast pris med tillegg pr. kg kjøtt ved felt vilt.*

*Er det flere søkere skal tildeling skje ved loddtrekning.*

*Slik jakt kan leies bort ved ett- eller flerårige kontrakter. Likevel ikke for lengre enn totalt 5 jaktår.*

*Fjellstyret kan bestemme at jaktlag skal bestå av et minste antall jegere.*

*Elg- og hjortejakt på statsallmenningsgrunn skal gjøres kjent for alle bosatte i Norge. Utlysingsteksten skal gjøres tilgjengelig på Internett.*

Om fastsetjing av pris står i §14 i forskrifta:

*Prisene på utleie av jaktrett på elg, hjort, rådyr, bjørn, ulv, jerv, gaupe og bever fastsettes av fjellstyret. Dersom det anses nødvendig, kan Miljødirektoratet fastsette maksimalpriser.*

*Det skal være lik pris for innen- og utenbysboende jeger for jakt på disse artene.*

# Møtebok – Lom fjellstyre

## Opplysningar og merknader:

Prisutviklinga på storviltjakta bør følgje fjellstyrets kostnadauke generelt, og prisutvikling i samfunnet elles. Prisane på elg- og hjortejakt har nå vore uendra i 4 år. Om ein legg prisstigning basert på KPI til grunn vil kr 73,- i 2016 tilsvare omtrent kr 78,- i 2019. Om ein ser det over ei lenger periode, ser vi at prisen i 2006 på kr 60,- pr. kg tilsvarar omtrent kr 80,- i 2019.

Prisane sjå andre fjellstyre i regionen vår var i 2019 slik:

Vågå	76,- pr kg
Sel	85,- pr kg
Ringebu	80,- pr kg
Lesja	70,- pr kg
Gausdal	85,- pr kg

## Forslag til vedtak:

Fjellstyret fastset etter §14 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning desse prisane for elg-, hjortejakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning frå jaktseasonen 2020:

	Grunnpris	Pris/kg
Elg	kr.3.200	80,00
Hjort	kr.2.000	80,00

## Vedtak:

Som forslaget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskenemnd, til orientering – som e-post
- Lom jeger- og fiskerforening v/Frikk Kolden til orientering

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	40/2019	Arkiv nr.:	434.4	Møtedato:	18.12.2019
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## **Leir- og Bøverdalen statsallmenning.**

### **Søknad om fornya løyve til å preparere treningsløype for hundekjøring frå Kvandalsvoll til Ulvåt/Vassenden.**

#### Sakspapir:

- E-post dagsett 18.11.2019 frå Jotunheimen Hundekjørarlag.
- Sak 49/2016. Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om løyve til å preparere treningsløype for hundekjøring.

#### **Saksutgreiing:**

Jotunheimen Hundekjørarlag har i ei årrekkje hatt løyve til å preparere ei treningsløype for kjøring med trekkhundar på strekninga Kvandalsvoll – Ulvåt/Vassenden, og siste gongen for treårs-perioden 2016-2019, sak nr. 49/2016. Den siste treårs-perioden galdt løyvet heilt fram til Vassenden. Dei søker nå om å få eit forlenga løyve på same vilkåra, og for ein ny treårs-periode.

#### **Opplysningar og merknader:**

Det har frå fjellstyret/Statskog tidlegare vore gjeve løyve på desse vilkåra:

- traséen fylgjer setervegen, alternativt isen over Dalsvatnet så langt dette er råd
- løypepreparering med snøscooter bør ikkje skje i vinterferien eller i påska
- løyvet kan trekkjast attende om ordninga vert misbrukt, eller om aktiviteten forårsakar vesentlege ulemper for andre brukarinteresser i området.
- fjelloppsynet skal varslast når løypeprepareringa tek til om hausten.
- laget rapporterer til fjellstyret etter kvar sesong, kor mange gongar, og når preparering med snøscooter har skjedd.

Fjellstyret har ikkje registrert negative attendemeldingar på denne aktiviteten frå noko hald, og laget har rapportert om køyreaktiviteten etter årets slutt. Prepareringa har ikkje forårsaka stor køyreaktivitet.

Preparering av løypa langs vegen må også avklarast med dei vegansvarlege for setervegen.

#### **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret gjev løyve til kjøring med snøscooter for preparering av løypetrasé, som omsøkt, og på dei vilkår det har vore gjeve løyve til før.

#### **Vedtak:**

Som forslaget.

Samrøystes.

#### Utskrift går til:

- Jotunheimen Hundekjørarlag, v/Tor Vidar Krøkje– som e-post
- Statskog SF, Namsos – som e-post
- Natur og miljø, Lom kommune, Lom. – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	41/2019	Arkiv nr.:	2.1.1	Møtedato:	18.12.2019
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Bemanning og organisering av oppsynsverksemda.

Sakspapir:

- Oppsynsbudsjett for 2020
- Forslag til budsjett og årsplan for 2020
- Fjellstyresak 3/2012. Delegasjonreglement

### Saksutgreiing:

Det er nødvendig å drøfte og ta stilling til omfanget og organiseringa av sesonghjelpa for den komande sommarsesongen, slik at utlysing og tilsetting kan skje i god tid.

I samband med at fast tilsett sesongoppsyn frå 1. juni tiltredde som dagleg leiar er det naturleg å drøfte framtidig bemanning og organisering. Med bakgrunn i dette vart det for sesongen 2019 bestemt å tilsette mellombelse sesongoppsyn i staden for fast tilsetting.


### Om det økonomiske grunnlaget.

Refusjonen for oppsyn på statsallmenningene har dei siste åra vore omtrent uendra. Dette gjev ein negativ trend som ikkje samsvarar med utvikling i lønns- og kostnadsnivå. Signala frå regjeringa og framlegget til statsbudsjett styrkar dette synet. Årleg refusjon frå Statskog er på om lag 350 000,- og dekkjer ein tredjedel av utført tilskotsberettiga arbeid.

Tenestekjøpet frå SNO knytt til verneområda og jervregistrering har dei siste åra vore forholdsvis stabilt på rundt 300 000,-. Mykje av dette arbeidet må gjerast i juli-august, og ein stor del av arbeidsmengda til sesongoppsyna er i desse månadane knytt opp mot tenestekjøpet. Tenestevalavtalene kjem ikkje før i april, og det er uråd og anslå dette frå år til år. Midlane til tenestekjøp blir gjeve over statsbudsjettet med eigen post og SNO prioriterer fordeling av tenestekjøpa etter behov. Signala er at oppsynssamarbeidet vi har fungerer godt og at verneområda her til ein viss grad vil bli prioritert. Likevel ser vi ein trend der tenestekjøpet held seg konstant. Tenesteval til NVE og andre ligg på 20-40 000 pr. år.

Over to tredjedelar av inntektene til fjellstyret kjem frå sal av jakt og fiske, hamneleige til tamreinlaget, hyttefeste og utleige av fjellstyrehyttene. Som vi ser av figuren under har desse postane, i motsetning til tenesteval og refusjon, auka siste 5 åra. Inntektene frå jakt har vore prega av høg storviltbestand, og det er ikkje noko mål at dette skal vedvare over tid. Inntekt frå småviltjakt og fiske er forholdsvis stabil, men kan lett bli påverka av til dømes bestandsregulerande tiltak og vær. Beiteleigeoppgjeret frå Lom tamreinlag er eksponert for svingingar i marknadspris, og andre uventa hendingar, som til dømes rasulykker. Festeinntekter frå «hytter og hoteller» har auka noko etter at Statskog måtte gå attende på ei noko snever tolking av loven, og er ei sikker inntekt som antakeleg vil auke i tråd med kostnadsnivå/prisutvikling elles. Auka utleige av fjellstyrehyttene fører til høgare inntekter, men medfører auka kostnader med tilsyn og vedlikehald.

## Møtebok – Lom fjellstyre



### Bemanning og behov:

Signala frå SNO syner at det må takast høgde for eit tenestekjøp i same størrelsesorden som i dag. Dette utgjer om lag 500 timar og skal hovudsakleg utførast i juli, august og fyrste halvdel av september. Det ser ut som jervregistreringa held fram som i dag, og NVE opprettheld avtalene om snø- og bremålingar.

Auka utleige av fjellstyrehyttene fører til auka behov for tilsyn og forsyningar i sommarsesongen. Dette vil nok etter kvart gje auka behov for vedlikehald. Storviltjakta har auka betrakteleg i omfang siste åra, og det går meir tid til administrasjon av jakta, oppsyn og kontakt med jegerane. Korttidsjakt i november krev noko tid, både til administrasjon og oppsyn. I tillegg har det i mindre omfang vorte selt oppsynstenester til grunneigarlag. Tilsyn, kontroll og informasjonsarbeid i statsallmenningen bør haldast på same nivå.som det har vore.

### Vurdering frå fjelloppsynet.

Dei siste åra har fjellstyret hatt denne bemanninga:

- Fjelloppsyn / dagleg leiar
- Kontormedarbeidar, fast tilsett, 30%
- Sesongoppsyn, fast tilsett, 7mnd.
- Sesongoppsyn, mellombels, 1-2 mnd.

Stillingstorleikane på kontormedarbeider har etter eige ynskje vorte redusert frå 50 til 30% og mellombels sesongoppsyn har variert noko ettersom tenestekjøp, økonomi og behov elles.

## Møtebok – Lom fjellstyre

I og med at fjellstyret er i eit skifte utan fast tilsett sesongoppsyn er det rett å vurdere om det er hensiktsmessig med anna organisering av bemanninga. Fjellstyret har dei siste åra sysselsett 2-2,3 årsverk med god økonomisk dekning. Slik sett er ein i ein posisjon som teoretisk sett kunne forsvara to heile stillingar, men som av praktiske årsaker kanskje ikkje vil være det mest hensiktsmessige.

Dei to største inntektspostane til fjellstyret kjem frå sal av jakt- og fiske og beiteutleige til tamreinlaget. Desse inntektene er til dels sårbare for naturgjevne tilhøve og ulike svingingar. Samstundes ser vi at refusjon for oppsyn og tenestekjøpet frå SNO har stagnert og ikkje held tritt med løns- og kostnadsutvikling. Det er ikkje sikkert at ein skal forvente same auke i inntekter framover som vi har sett dei siste åra. Ein må likevel ta høgde for at lønns- og kostnadsutviklinga held fram. Dette må det takast omsyn til ved oppretting av faste stillingar. Tenestekjøpsavtaler, økonomi og behov elles vil variere, og eg ser det som ein fordel å ikkje binde seg fast, men at fjellstyret har ein viss fleksibilitet i bemanninga frå år til år. Med til dømes to fast tilsette i for stor stillingsbrøk kan ein kome i ein posisjon der ein ikkje har økonomisk handlerom til tilsetjing av sesonghjelp etter behov.

Behovet for arbeidskraft er av naturgjevne grunnar størst i sommar- og haustsesongen. Eit forholdsvis omfattande tenestekjøp som skal utførast i høgsesongen forsterkar dette. For mange av arbeidsoppgåvene som blir utført er vi dels av praktiske årsaker og dels av omsyn til HMS, avhengige av å vere to. Med ferieavvikling, sakshandsaming og anna administrativt arbeid som må gjerast, er det ein klar fordel at eg har to sesongoppsyn å spele på i delar av sesongen.

Mi vurdering er at fjellstyret er best tent med ei stilling som sesongoppsyn av eit vist omfang og ei stilling av mindre omfang knytt opp mot sommaren der storleik blir vurdert årleg, etter behov og økonomi. Utfordringa med dette er å få kontinuitet i arbeidstokken, men eg ser det som uansvarleg å gå inn på ei fulltidsstilling eller ei større fast stilling.

Som kjent er det lagt fram ein NOU om ny fjellov som potensielt kan føre til store endringar i organisering, arbeidsoppgåver og økonomi for fjellstyra. Usikkerheita knytt til dette bør leggjast til grunn i denne saka.

### **Forslag til vedtak:**

Etter ei vurdering av det økonomiske grunnlaget og vurderingar om bemanning gjort i saksutgreiinga, finn ikkje fjellstyret det tilrådeleg å gå til oppretting av ei større fast stilling. For året 2020 vil fjellstyret lyse ut desse stillingane:

- Eit mellombels sesongoppsyn i minimum 5 mnd. stilling
- Eit mellombels sesongoppsyn i minimum 1 mnd. stilling.

Fjellstyret vil gjere ei ny vurdering om fast tilsetjing av sesongoppsyn i 2021.

Med bakgrunn i delegasjonsreglementet, sak 3/2012, har dagleg leiar saman med fjellstyreleiar fullmakt til avgjerd om tilsetjing av sesongoppsyn.



## **Møtebok – Lom fjellstyre**

### **Vedtak:**

Som forslaget.

Samrøystes.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	42/2019	Arkiv nr.:	141.9	Møtedato:	18.12.2019
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

## Søknad om stønad frå fjellkassa.

### Formål: Driftstilskot til Storådalen beitelag.

Sakspapir:

- Søknad dagsett den 28.11.2019 frå Storådalen beitelag.

### Saksutgreiing:

Med brev dagsett den 28.11.2019 har Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden søkt om kr. 25.000 i stønad til fellesdrifta for storfe i Gjendebuområdet i 2019.

Det vart slept 140 ungdyr/kalvar (134 dyr i 2018) på beite. To kalvar gjekk tapt. Den eine vart borte tidleg i beitesesongen og vart ikkje attfunnen, den andre vart funne daud ved ein dognad med ettersanking den 22.september. Beitesesongen varte frå 29.juni til 10.september.

Det var leigd inn to gjetarar i deltid i tillegg til stor eigeninnsats frå dyreeigarane.

Beitelaget er godt nøgde med investeringane i nye motorar til flåten, transporttida er betydeleg redusert. Det er brukbart med gjerde i beiteområdet, og laget har god erfaring med bruk av straumgjerde med solcelle.

Beitelaget deltok i slåtتهelg i samarbeid med Lom fjellstyre og SNO.

Beitelaget tek transportoppdrag med transportflåten for Memurubu, Gjendebu og DNT. Dei nemner i søknaden at den nye brygga på Gjendeosen ikkje er ferdig enda.

Resultatrekneskap er vedlagt og viser driftsutgifter på totalt kr 217 612.

Beitelaget takker i søknaden for samarbeidet og viktig økonomisk støtte.

### Opplysningar og merknader:

Det er hittil i år ikkje løyvd pengar av det avsette beløpet på kr 100.000. Kr 50.000 av desse er avsett til driftstilskot for fellesdrifter, dei resterande kr 50.000 er avsett til andre tiltak i allmenningen og til allmennyttige tiltak.

Det har kome 2 søknader om tilskot til fellesdrifter:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret løyver kr.25.000 i driftstilskot til Storådalen beitelag for året 2019.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## **Vedtak:**

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden – som e-post
- Statskog SF, Namsos – som e-post
- Rekneskapsføreren – som e-psot

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	43/2019	Arkiv nr.:	141.3	Møtedato:	18.12.2019
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

## **Søknad om stønad frå fjellkassa.**

### **Formål: Driftstilskot til Veodalen beitelag.**

Sakspapir:

- Søknad datert den 27.11.2019 frå Veodalen beitelag.

### **Saksutgreiing:**

I brev av 27.11.2019 har Veodalen beitelag v/ Lom avløyssarlag søkt om driftstilskot kr 25.000 til fellesdrifta for storfe i Veodalen i 2019.

I år var 122 storfe på beite (135 dyr i 2018) fordelt på 10 husdyreigarar. Beiteperioden var frå ca 1.juli til 8.september. Det har vore tilsett to gjetarar, og husdyreigarar har delteke ved slepp og sanking. Det har ikkje vore tap.

Totale driftskostnader i 2019 er 117.276 kr. Gjetarkostnadane inkludert frakt er kr 691,- pr dyr. Rekneskap er vedlagt søknaden. På inntektssida er tilskot frå regionalt miljøprogram kr 5270, kommunalt tilskot på 35.000 kr for drift/gjeting og innbetaling frå dyreeigarar for frakt av dyr.

Veodalen beitelag søkjer om eit driftstilskot for 2019 på 25.000 kr frå Lom Fjellstyre.

Beitelaget takker i søknaden for godt samarbeid.

### **Opplysningar og merknader:**

Det er hittil i år ikkje løyvd pengar av det avsette beløpet på kr 100.000. Kr 50.000 av desse er avsett til driftstilskot for fellesdrifter, dei resterande kr 50.000 er avsett til andre tiltak i allmenningen og til allmennyttige tiltak.

Det har kome 2 søknader om tilskot til fellesdrifter:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

### **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret løyver kr.25.000 i driftstilskot til Veodalen beitelag for året 2019.

### **Vedtak:**

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Veodalen beitelag v/Lom avløyssarlag v/ Kjell Kvålshagen – som e-post
- Statskog SF, Namsos – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	44/2019	Arkiv nr.:	021/111.1	Møtedato:	18.12.2019
Saksbehandler:	Åsmund Galde				

## Forslag til årsplan og budsjett for 2020.

Sakspapir:

- Budsjettforslag 2020.

## Merknader til budsjettet og framlegg til årsplan:

*Personell.*

Fjellstyret har i 2019 hatt disse fast tilsette:

- Odd Repp, dagleg leiar/fjelloppsyn i 100% stilling fram til 1. juni.
- Magny Hilde, kontormedarbeidar i 40/30 % stilling
- Åsmund Galde, sesongoppsyn frå 1. mai til 1. juni og dagleg leiar/fjelloppsyn i 100% stilling frå 1. juni.

Dagleg leiar gjekk av med pensjon 1. juni og fast tilsett sesongoppsyn vart tilsett som dagleg leiar. Med bakgrunn i dette har det vore tilsett mellombelse sesongoppsyn i somar- og haustsesongen på til saman 7,3 månadsverk.

Behovet for sesongoppsyn utover dagleg leiar/fjelloppsyn vil vera noko avhengig av kor stort tenestesalet til SNO vert i 2020. Dette er aldri klart før SNO har fått klart budsjettet sitt på vårparten, men i budsjettet er det rekna med om lag same tenestesalet til SNO som fjoråret. Statsbudsjettet som er varsla så langt, tilseier ikkje noko auke av refusjonen for oppsyn i statsallmenning, så denne posten i budsjettet er uendra. Det er budsjettet med om lag same lønsutgifter som i 2019 og dette vil gje rom for tilsetting av sesongoppsyn i tilsamen 7-8 månadsverk. Fjellstyret står nå utan fast tilsett sesongoppsyn, og organisering av bemanning/oppsynsverksemda for tida framover blir handsama i eigen sak.

Dagleg leiar skal komande sommar/haust ut i 16 vekers foreldrepermisjon. Det vil være behov for ekstra personell knytt til dette. I samband med at dagleg leiar var ute i pleiepermisjon for sjukt barn i sommar/haust vart Odd Repp innleigd ved behov på pensjonistvilkår/timebasis. Det er ynskjeleg å gå inn på ei liknande avtale for 2020.

*Fjellstyret - møteverksemd.*

Tidspunkt for møta vil bli tilpassa saksmengda og behovet for rask handsaming av enkelte saker. Administrasjonen vil varsle styremedlemene om tidspunkta for møta så snart desse er tidfesta. Det vert lagt opp til seks ordinære fjellstyremøte i løpet av året. Det vert hovudsakleg lagt opp til kveldsmøte.

Dersom det kjem saker til behandling som fordrar synfaring føreåt, vert denne synfaringa lagt til juni månad. Til denne synfaringa vert også andre partar med uttalerett eller avgjerdsmynde inviterte. Saker som dukkar opp i løpet av sommaren, kan gjera at det blir behov for ei synfaring att også på haustparten.

Bruksrettssakene og forvaltningsakene som fortløpande kjem inn til behandling av fjellstyret, har førsteprioritet av sakene.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## *Oppsynsverksemd-administrasjon.*

Forvaltninga av bruksrettane og administrasjon av jakt og fiske, saman med administrasjon og tilsynet med alle fjellstyrehyttene, er dei viktigaste oppgåvene for dei tilsette. Tenestesalet til SNO krev at dette vert sterkt vektlagt spesielt i sommar-månadene. SNO-Jotunheimen har det største tenestekjøpet. Dette er ein brukspark med stor besøkmengde ei avgrensa tid av året, som gjer at behovet for oppsyn og informasjonsarbeid er absolutt størst i sommarferietida, og vil bli prioritert da.

Internkontrollen og HMS systemet til fjellstyret vil bli revidert i løpet av vinteren. I samband med dette er det budsjettert med innkjøp av nytt sambands/sikringsutstyr. Det er eit mål å intensivere bruken av sosiale nettverk som Facebook og Instagram. Det er framleis att ein del arbeid med digitalisering av arkivet. Dette blir gjort når det er ledig tid til det.

Det er forventa at det vert fornya avtale med SNO om jervsporing og hilokalisering av jerv, avtale med NVE om snømåling på Sognefjellet og om transport i tilknytning til bremålingane i Jotunheimen.

Auka bruk av fjellstyrehyttene gjer at behovet for transport av ved og gass og nødvendig utstyr for vedlikehald og reparasjonar av fjellstyrehyttene er større enn før. Dette arbeidet vert prioritert i perioden april-juni. På det nye naustet ved Børjetjønn står det att ein del arbeid med innreiing og utkjøring av bygningsavfall og reidskap. Dette vil bli gjort iløpet av vintersesongen.

I tillegg til oppsyn med jakta i haustmånadene kjem fiskeutsetting, ettersyn og klargjering av hyttene før vinteren. Stor auke i fellingskvotane siste åra og innføring av korttidsjakt på restkvote/tilleggsdyr medfører meirarbeid med administrasjon og oppsyn.

Arrangement og tiltak som skal gjennomførast:

- "Barske glæder" – fyrste halvdel av mars, i samarbeid med Norsk Fjellsenter og SNO.
- Informasjonsmøte/temakveld fjellstyret.
- Familiefiskedag ved Dalsvatnet – i månedsskiftet juni-juli, eige arrangement.
- Friluftsgruppa ved Lom v.g.s. – transport og utsetting av settefisk på Langvatnet, i slutten av august.
- Veodalsturen med 7. klassingane i Lom – orientering om fangstanlegg og om Veodalen, utsetting av fisk og prøvofiske, overnatting i lavvo ved Grønua, i fyrste halvdel av september.

## *Jakt og fiske.*

Fiske.

Utsetting av settefisk skjer etter ein eigen plan for dette. Prøvofisking på Nedre Rindtjernet saman med 7. klassingane på den årlege Veodalsturen.

Båtar med redningsutstyr som er utplasserte på fire forskjellige vatn for utleige, krev noko ettersyn og småreparasjonar gjennom sommarhalvåret.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Lom fjellstyre har administrasjonen av ordninga med Jotunheimen-kortet, felleskortet med Vågå og Luster. Nettsalet av fiskekort har vore aukande, og vi har kutta ned på talet av kortsalstader. Dette gjeld vesentleg dei med minst omsetning. Dette har minska arbeidet noko med å administrere kortsalet.

### Småviltjakt.

Trekkinga av småviltjakkort til utanbygds vart frå siste året gjort av Inatur.no . Dette resulterte i at organiseringa og arbeidet med dette vart vesentleg enklare enn før. Men ennå krev dette ein del innsats i vårmånadene, ikkje minst kontakta pr. telefon som mange av jegerane ynskjer.

Rypetaksering av lirypebestanden i dei tre områda Veodalen, Sålell og Leiråsen to helger i månadsskiftet august-september. Dette skjer med hjelp frå fuglehund-eigarar. Administrasjon og organisering av jaktkortsalet i september månad.

### Storviltjakt.

Fjellopsynet er sekretær og representant for fjellstyret i Bøverdalen viltområde, og representerer fjellstyret i Skaihø v.o. Møteverksemd i april og mai for å fastsetje kvotar og drøfte endringar i bestemmelsane framfor ny sesong.

Observere og registrere bestandsforholda av storvilt i løpet av vinteren og våren for å kunne fastsetje kvotene best mogleg. Administrasjon av enkeltkort for hjortejakt i november månad krev noko ekstra arbeid, men er ei ordning som har vorte godt motteke, fungerer godt og er medvirkande til auka fellingsresultat.

I tillegg til oppsyns- og kontrolloppgåver på statsallmenningen, har oppsynet dei siste åra også teke oppdrag både frå Meadalen grl. og Vårdalen grl./Vårdalen utmarkslag. Det er grunn til å tru at dette tenestesalet, som ikkje har noko stort omfang, vil halde fram.

### *Hyttene.*

Jamleg ettersyn, supplerings av utstyr og nødvendig vedlikehald som måling og reingjering gjennom heile sesongen, samt forsyning med ved og gass. I samband med revidering av HMS systemet kan det bli noko ekstra arbeid med oppdatering av sikringsutstyr og innstruksar.

Det står att ein del arbeid med innreiing og anna innvendig arbeid på det nye naustet ved Børjetjønn. Dette vil bli prioritert i vinter og vår.

### **Planlagde investeringar:**

- Sambands og sikringsutstyr for feltarbeid. Ca 15000,-
- Bilhenger for båttransport. Ca 10 000,-

### **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret godkjenner forslaget til årsplan og budsjett.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

## **Møtebok – Lom fjellstyre**

- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post



# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	45/2019	Arkiv nr.:	141.3	Møtedato:	18.12.2019
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## **Søknad om stønad frå fjellkassa.**

### **Sikring og forlenging av sperregjerde på Ytterdalen.**

Sakspapir:

- Søknad datert den 09.12.2019 frå beitelaget i Leirdalen.

### **Saksutgreiing:**

I søknad dagsett 9. desember 2019 søker beitelaget i Leirdalen v/ Sigurd Synstnes om stønad til sikring og forlenging av eksisterande sperregjerde på Ytterdalen i Leirdalen.

Dei opplyser i søknaden at arbeidet med omlegging av hovudløpet på elva Leira i samband med flaumen i oktober 2018, har ført til at beitedyr nå nyttar det tørrlagde elveleiet til å koma seg forbi sperregjerdet og ut av beiteområdet. Dei syner vidare til synfaringa i juni med fjellstyret, kommunen, Statskog og vegeigar der saka vart drøfta, og etterlyser forslag til sikring og forlenging av sperregjerdet frå kommunen og NVE.

For å løyse problemet foreslår beitelaget at det blir bygd ein steinvoll frå land og utover elva. Dei tek atterhald om godkjenning av planane, men ynskjer å søkje om midlar frå fjellkassa.

Det er ikkje spesifisert noko beløp, men det er lagt ved eit kostnadsoverslag som syner utgifter på kr 51450,- ved bygging av tenkt steinvoll.

### **Opplysningar og merknader:**

Denne saka må sjåast på som ein søknad om stønad til å få på plass eit fungerande sperregjerde og ikkje ei uttale frå fjellstyret om korleis dette skal gjerast. Kva som skal gjerast for å få på plass eit tilfredstillande sperregjerde må skje etter avklaring mellom NVE, kommunen, Statskog, fjellstyret, beitelaget og vegeigar. Tiltaket må gje tilfredstillande sperring for beitedyr, men samstundes ta omsyn til flaumsikring og veganlegg.

Det er hittil i år ikkje løyvd pengar av det avsette beløpet på kr 100.000. Kr 50.000 av desse er avsett til driftstilskot for fellesdrifter, dei resterande kr 50.000 er avsett til andre tiltak i allmenningen og til allmenntilrettelegging.

Det har kome 2 søknader om tilskot til fellesdrifter:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

### **Forslag til vedtak:**

Under føresetnad av at beitelaget får godkjent tiltak for sikring og nytt sperregjerde på Ytterdalen, og fjellstyret gjev ei positiv uttale, blir det avsett inntil kr. XXXX til tiltaket. Beløpet kan utbetalast ved framlagt godkjent rekneskap for tiltaket.

### **Vedtak:**

## Møtebok – Lom fjellstyre

Under føresetnad av at beitelaget får godkjent tiltak for sikring og nytt sperregjerde på Ytterdalen, og fjellstyret gjev ei positiv uttale, blir det avsett inntil kr. 20 000,- til tiltaket. Beløpet kan utbetalast ved framlagt godkjent rekneskap for tiltaket.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Beitelaget i Leirdalen v/ Sigurd Syntsnes – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post